



Referat frå: **Årsmøte i Syril fotball**

Dato: **23.02.2016**

Klokka: **20:00 – 23:00**

Stad: **Møterom 4. etasje Saften**

**Dagsorden:**

## 1. Opning

Leiar Kjartan Hove ønskjer velkommen til årsmøte for 2016, og viser til at årsmøte er annonsert seinast 14 dagar før i Sogn Avis og på nett.

26 personar har møtt opp.

## 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent, men det kom innspel om at sakslister og innkomne saker burde bli lagt ut tidlegare, for at folk skal kunne sette seg betre inn i sakene. Styret tek med seg dette og skal jobbe for å få publisert innkomne saker tidlegare.

## 3. Val av ordstyrar og sekretær

Kjartan Hove vert vald til ordstyrar og Erlend Husabø og Linda Fossberg er sekretærer.

## 4. Val av 2 medlemmar til å underskrive årsmøtereferat.

Rune Henjesand og Wenche Kristiansen underskriv årsmøtereferatet.

## 5. Årsmelding frå fotballstyret og laga

Gjennomgang av styre sin oppsummering i årsmeldinga. Det vart påpeika ein del mindre endringar. Desse inkluderer:

- Under «Andre turneringar» kom det spørsmål om kvifor Norway Cup og Sør Cup var nemt, men ikkje gutelaget sin innsats på Ål cup og Maxi cup, som det kom innspel på at det var ein større prestasjon. Det var einighet om å stryke alle turneringar.
- Under «Anlegg» gjorde årsmøte om på fjorårets vedtak om å innføra felles ustyrspool. Dei laga ordninga fungerte fint for vidarefører denne.
- Under «Anlegg» kom det innspel på at ein måtte få på plass betre stell av grasbana, dvs fast klypping av bana, samt vedlikehold. I tillegg må ein gjera tiltak på innbytarbenkane.

- Under «Økonomi» kom Kjartan med førehald om at endelege rekneskapen ikkje var klar då meldinga vart skriven, og at det difor ville vera mindre endringar der.
- Under «Utdanning» kom det innspel om at ein hadde mange klubbdommarar og at desse burde få ein god oppfølging. Dette gjaldt i høve til å dømme i kamplike situasjonar på treningar. Det var og semje om at dommarar burde inn i sportsplanen.
- Under «Utdanning» kom det spørsmål om kvifor det ikkje var holde trenarkurs i Syril i 2015. Det var sendt ut invitasjon til dette, men sær s låg påmelding førte til at dette ikkje har vorte gjennomført i 2015. Nils Tore Krosshaug peikar på at han er autorisert til å halde trenarkurs.

Kom inn ynskje om at styre finne kandidatar til heidersteikn. Det nye styret tek med seg dette.

Det kom spørsmål om premieskåpet som er planlagt i saften. Ballen ligg hjå Syril hovudstyre. Styret vert oppmoda om å følgje opp hovudstyre.

Årsmeldinga vart godkjent.

## 6. Rekneskap 2015

Reknskap for 2015 vart gjennomgått av Magnar og godkjent.

Kom inn spørsmål kring «lønn» og om alt dette var senior-trenar. Dette vart tilbakevist då «lønn» også omfattar lønn til dommarar.

Kom ein del spørsmål kring arbeidet med sponsorarar. Her har det vorte gjort lite. Det blei vist til at håndballgruppa hadde gjort ein god jobb. Potensialet er vesentleg større enn dagens inntekter på sponning. Det er god plass til reklameskilt på kunstgrasbana.

## 7. Innkomne saker

Det var tre innkomne saker.

### Sak 1:

Forslagstillar: Stein Vangsnes.

«Det blir sett av midlar på budsjettet for å dekkje deltaking for to personar frå Syril Fotball på fotballkretsen (Sogn og Fjordane) sitt ting.»

Styret vurderer dette til ein kostnad på 2 x 2500,- kr = 5000,- k

Dette blei einstemmig vedteke og vert lagt inn i budsjettet for 2016. Det vart og påpeika at tinget kun er annakvart år. Det året det ikkje er ting går summen til miljøhelga i kretsen sin regi.

### Sak 2:

Forslagstillar: Trude Risnes

«Revisjon av sportsplanen og konkrete forslag til presiserte prinsipp for differensiering og hospitering.»

**Saksframlegg:**

Eg fremjer med dette sak om revisjon av sportsplanen, med presiserte prinsipp om differensiering. Føremålet er tydelege strategiar for korleis Syril fotball best skal legge til rette for gode breiddetilbod, samstundes som klubben legg til rette for spelarutvikling.

### **Følgjande blir fremja:**

Årsmøtet ber styret om snarast å sette i gang revisjon av sportsplanen. Ei arbeidsgruppe legg fram forslag innan des. 2016. Forslaget skal leggest fram for medlemmene, seinast på årsmøtet 2017. Arbeidsgruppa bør minst ha følgjande representasjon: Sportsleg representant frå: styret, senior herrer, senior damer, representant frå ungdomsfotballen (jente- og gutesida), representant frå barnefotballen (jente- og gutesida). Utover kva sportsplanen sler fast om differensiering og inntil at sportsplanen er ferdig revidert, gjeld tillegg, slik dei er formulert under.

Differensiering som prinsipp og korleis Syril praktiserer dette, skal vere blant tema som blir orientert om i møte med trenarar og leiarar før sesongstart.

### Tillegg til sportsplanens kap. 6 – om differensiering, likskapsprinsipp og hospitering

6.1 Generelt om differensiering I situasjonar der det blir stilt spørsmål ved praktisering av prinsippet, utover kva sportsplanen seier, skal dette avklarast av styret og/eller i den sportslege funksjonen som styret delegerer dette til. Differensiering kan i praksis skje på ulike måtar, med utgangspunkt i råd frå NFF:

- Innanfor kvart enkelt lag/alderstrinn, på trening. Spelargruppa skal likevel fungere som ei gruppe, med flyt av spelarar mellom evt. treningsgrupper. Differensiering kan gjerne skje i deler av ei treningsøkt.
- Innanfor kvart enkelt lag/alderstrinn, i kamp. Det kan opnast opp for ordninga med å flytte heile lag opp ei aldersgruppe, dersom spelargruppa er motivert og moden nok til det. Dersom det er aktuelt å ha eit lag i eigen aldersklasse og eit lag i klassen over, skal spelargruppa likevel fungere som ei gruppe. Spelarar bør rullere mellom lag, men ta alltid utgangspunkt i flytsonepriinsippet – modning/meistring. Det er ein føresetnad at slike ordningar blir drøfta med foreldregruppa og avklart med styret.
- Gjennom ekstra treningstilbod til grupper av spelarar, gjerne på tvers av alder og kjønn. Slike ekstra tilbod kan vere opne og basert på eigenmotivasjon for å trene ekstra og det kan vere grupper som er sett saman ut frå eks. at det er spelarar som deltek/er kandidatlar til å delta på tiltak i regi av krets
- Gjennom hospitering.

### 6.4 Generelt om hospitering i Syril fotball

- Hospitering er ein naturleg måte å utfordre spelarar til nye nivå. Flytsonepriinsippet skal leggest til grunn. Dvs at spelaren må ha eit visst nivå av meistring i hospiteringa, samstundes som han/ho også skal bli utfordra.
- Det blir forventa at alle trenarar legg til rette for hospitering inn til «si gruppe.
- Spelarar, foreldre, leiarar og trenarar skal vere orienterte om hospitering som tiltak for tilpassing av aktivitet

- Opplegg for hospitering skal drøftast som del av sesongplanlegginga. Treningar, leiarar og styre avklarar opplegg i dei ulike klassane/gruppene. Evt. spørsmål og usemje skal avklarast saman med styret sin sportslege kontakt.
- Hospitering set krav til samarbeid, vilje til å finne løysingar og god informasjon. Hospitering kan til dømes reise spørsmål om fordeling av speletid i kampar der hospitantar deltek. For at alle skal få gode, tilpassa kamptilbod må det gjerast fleire avklaringar: Kva kamptilbod ønskjer spelarane? Kva ulike løysingar må vurderast? Melde på ekstra lag? Styring av speletid? Tilrettelegge for ekstra kamptilbod utover det som serien tilbyr? Det er ikkje ei løysing å seie at det ikkje er plass til hospitantar, dersom det ut frå eit spelarutviklingsomsyn blir vurdert å vere det rette tiltaket. Styret sin sportsleg kontakt må styre slike diskusjonar, jmf. punkt om avklaringar som del av sesongplanlegginga. Fotballkretsen bør i slike spørsmål spørjast til råds/involverast.
- Hospitering skjer oppover, i treningar og kampar. Over tid er hospitering på trening det viktigaste tilbodet.
  - Hospitering skjer også på tvers av kjønn, i treningar og kampar. Dette er særleg viktig for jenter som har eit nivå og potensiale der hospitering med gutar er det rette utviklingstilbodet. Flytsonepriippet skal ligge til grunn for vurderinga. For jenter som deltek/er i posisjon til å delta på tiltak frå krets, skal hospiteringsordning med gutar alltid vurderast. Det er ein føresetnad for hospitering at spelaren sjølv vil dette. For jenter i spissa tiltak på krets/region/landslagsnivå er det ei tydeleg forventning frå kretsen at slike spelarar har heilt avklarte, tydelege tilbod om trening- og kamphospitering.
- Hospiteringstrening kan vere faste treningsdagar og/eller avtalte treningsperiodar.
- Kamphospitering må leggest til rette med spelaren i sentrum, til dømes vurdering av kva som er rette hospiteringskampar, kva som er passeleg speletid ut frå totalbelastning – alt med utgangspunkt i at spelaren skal ha eit visst meistringsnivå og samstundes bli utfordra.
- Hospiteringsspelaren skal utfordrast på å halde oppe prestasjonane også i eiga gruppe, i trening og kamp. Særleg gjeld dette i eldste jente/guteklasse og overgang/hospitering inn på seniornivå.

#### 6.5 Samarbeid om differensiering og hospitering,

##### NFF sin prosessrettleiar for hospitering:

1. Hospitering bør initieres av trener som har hospiteringsspiller (A). Det er hun/han som kjenner spilleren best og som skal se behovet for ekstra utfordringer.
2. Trener (A) kontakter aktuell trener i treningsgruppen hvor hospitering er aktuelt (B), samt spillerutvikler/annen sportslig ansvarlig(C). Disse må finne treningsøkt(er) som passer best.
3. A og eventuelt C snakker med aktuell spiller om hospiteringen for å understreke konsekvensene av dette. Spilleren selv må få valgmuligheten. Foreldre/foresatte skal involveres. For jentespillere kan det vurderes om de også kan hospitere blant guttene.
4. Hospitant tas i mot og presenteres for spillergruppen. Det er viktig å forklare at hospitanten skal være med under gitte aktiviteter (trening og kamp) og behandles slik som de andre.

5. Hospiteringen evalueres kontinuerlig (det avholdes jevnlig trenermøter for jenter og gutter hvor dette er et fast punkt på agendaen): a. B og C vurderer om spilleren er i flytsonen eller ikke. Likeledes om hospitanten blir inn i det sosiale miljøet. b. A og C vurderer om ekstratreningen gir for stor treningsbelastning totalt sett. c. Dersom hospitanten holder et ferdighetsnivå på linje med de beste i aldersklassen må (A), (B) og (C) diskutere hvorvidt hospitanten bør flyttes opp på permanent basis.

6. Hospiteringsavtalene bestemmes og evalueres i jevnlig trenermøter.

### **Bakgrunn for saksframlegget**

Sportsplanen blei sist revidert i 2012 og det er no eit stort behov for å oppdatere dette som er den viktigaste sportslege styringsverktøyet for fotballaktiviteten. Særleg gjeld dette vidare strategiar for korleis klubben både kan klare å ivareta ein stor breidde, halde på flest mogeleg born og unge og samstundes legge til rette for spelarutvikling og dei som ønskjer noko meir med fotballaktiviteten sin. Dei siste åra har Syril som klubb også teke steg når det gjeld spelarutvikling. Aldri før har klubben hatt så mange spelarar inne på tiltak i sone og krets. Klubben har også løfta seg på jentesida, med stor aktivitet og gode resultat. I 2016 stiller Syril med damelag i seriesystemet. Dette har vore eit uttalt mål for styret gjennom dei siste åra. Sist Syril stilte damelag var i 2008 og i 3-4 år var det heller ikkje jentelag. På J16-kretstiltak i januar 2016 var Syril den klubben med flest spelarar i troppen, heile 4 stk. I løpet av 2015 har Syril hatt 1 spelar fast på Team Sogn og Fjordane Jenter, medan 3 andre har delteke i enkeltøktar. Fotballen er i stadig utvikling, også Syrilfotballen. Rammevilkår endrar seg, nye folk kjem til med tankar om korleis aktiviteten bør drivast. For å sikre at klubben er i takt med seg sjølv er det nødvendig å slå fast prinsipp for det som til dels har vore gjeldande praksis, kanskje også suksessfaktor dei siste åra. Det er viktig å slå dette fast før vi går inn i ny sesong, slik at klubben kan forankre dette gjennom konkret praksis. Det er opp til styret og medlemmene gjennom årsmøtet å sette retning for klubben. Dei vedtak som her blir gjort må klubben stå for og medlemmene jobbe i tråd med dette.

### **Vedtak**

Det vart gjort to vedtak i denne saka. Vedtak 1 inneber at styret set ned ei arbeidsgruppe for å revidere sportsplanen. Dette bør gjerast snarast råd. Vedtak 2 gjeld tillegget forslagsstillar legg ved saken. Dette verdt lagt inn som tillegg i sportsplanen gjeldande frå dagens dato og fram til revisjon. Vedtaket vart gjort med 21 av 26 stemmer for.

### **Sak 3**

Forslagsstillar: Frode Danielsen

«I møte om organisering av miniputtjenter den 14. desember 2015 blei vi informert om at det var mogleg å søke om å delta i seriespel på miniputtnivå.

Jenter 2007 har ei gruppe med ivrige jenter som ønskjer å spele meir fotball/kampar. Dei åra vi har spelt fotball har vi møtt svært få lag og vi har ikkje tilstrekkeleg motstand. Vi har stort sett berre møtt Vik og Kyrkjebø. Sjølv om vi har stilt med to jamne lag frå Syril si side har vi stort sett vunne kampane stort mot desse laga. Jentene har behov for å møte andre lag og meir motstand.

Dersom det er mogleg å få 2007-jentene inn i seriespel i tillegg til å delta på turneringane vil dette vera storvegs. Vi ber med dette styret om å vurdere påmelding til seriespel for 2007-jentene.»

Det var semje om at J 2007 kan delta i seriespel i tillegg til ordinære miniputtturneringar.

## 8. Val – inkl valnemd

Framlegg til styre i Syril fotball for 2016 vart vedteke som følgjande:

Leiar: Kjartan Hove

Nestleiar: Birte Andersen

Sportsleg leiar: Anita Nornes og Jan Tore Slinde (ny)

Aldersbestemt: Kjetil Berg (ny), Rune Njøs (ny) og Linda Fossberg (ny)

Økonomi: Bente Johnsen (ny) frå august 2016. Jan Remø bidreg fram til det.

Valnemnd: Trude Risnes, Siw Heidi Backstrøm og Kitty Krosshaug.

## 9. Budsjett 2016

Budsjett for 2016 vart gjennomgått og godkjent.

Det kom innspel på at det burde vera i kontrakten med seniortrenar at han følgjer opp spelarar på tiltak ut kalenderåret. Seniorkontakt i styre tek dette vidare. Må avklarast i høve til kontrakt.

## 10. Avslutning

Leiar Kjartan Hove avsluttar møte etter gjennomgang av dagsorden.

### Underskrive årsmøteterferat:

Rune Henjesand

Wenche Aas Kristiansen

-----

-----